

## **Saksprotokoll i Utval for miljø og samferdsel - 16.01.2019**

**Svein Halleraker (H)** sette på vegner av H, FRP, MDG, V, KrF, SP, A, og SV fram slikt forslag:

Fylkesrådmann sitt forslag med slike endringar:

«Endring siste setning punkt. 2:

Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansearbeidsplassar i statens vegvesen i alle regionar»

«Punkt 3 og 4 går ut»

«Punkt 5: Ny første setning:

Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene.»

### **Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag med Halleraker sine endringsforslag vart samråystes vedteke.  
Fylkesrådmann sitt forslag vart ikkje røysta over.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekke lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen fra Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten. Det vil fortsatt vere behov for leiar og kompetansearbeidsplassar i statens vegvesen i alle regionar.
3. Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.